

# Åseliområdet

Området frå Åselistraumen og vidare nedover langs kystriksvegen har ein av dei absolutte klassikarane i Bodø-området.

Åselifossane var banebrytane i si tid. Elles byr området på mange litt lengre turar av varierende brattheit. Innover sjøve Åselidalen er det og ein del is som ikkje er tatt med her.



## Tuvfossene

(Kart: Saltstraumen 2029 III)

Fossene er såpass slake at de svært sjelden blir klatra. Grei plass for ledetrening / taulagstrening. Tuv fossene ligger ca. 5 km. sør for Saltstraumen på venstre side av veien, rett før Åslibrua. Det er to fosser i området; èn lang og slakk, og èn kort, men brattere. Begge fossene egner seg bra for nybegynnere. Den lange fossen dannes av et vannsig fra Tuvfjellvatnet, og har alltid god vannføring. Fossen er derimot så slakk, at den ofte kan dekkas av snø. Fossene ligger i fantastiske omgivelser og kan derfor gi en minnerik tur. Det er klatra her fra tidlig på 80-tallet.

**Tilkomst:** Kjør fra Bodø til Tverlandet RV 80. Ta av mot Saltstraumen og følg kystriksveien RV 17 ca. 5 km. forbi Saltstraumbua. Parker ved rasteplassen på venstre side av veien rett før Åslibrua. Fossene ligger i åssiden 2-300 meter før rasteplassen.

**1. Bratt Tuva** ..... 2 


45 m / 60° (70°). (ukjente)  
Fossen ligger ca. 150 meter til venstre for Tuvfjellvatnfossen, og ca. 100 meter opp i åssiden like ved en fjellhammer. Fin jevn is som er bred nok til å huse 2 taulag.

**Retur:** til høyre for fossen.

**2. Tuvfjellvatnfossen**..... 1 

175 m / 45° (ukjente)  
Isen er lang, men ikke særlig bratt - jevnt 45 gader hele veien. Det at isen ikke er så bratt gjør at den fort kan dekkas av snø. Likevel, når isen er blottet for snø, blir den en flott tur opp en stor og bred foss. Feit blå is, og kort anmarsj.

**Retur:** til venstre for fossen.



## Skavlhaugflåget

Skavlhaugflåget ligg i Elvefjorden mellom Åselistraumen og Børelva. Det er klatra ei rute i vegg, men det er ei muleg interessant vinterrute lenger aust / mot venstre i ei djup kløft. Flott område å vere i, forholdsvis nært veg, men likevel for seg sjølv på grunn av dei bratte berga som går rett i sjøen og dermed umuleggjer anmarsj i fjøresteinane.

**Skavlhaugflågfossen**..... 4 

(Kart: Saltstraumen 2029 III)  
ca 230 m / 50-85°. Snø, is og litt klippe.


**Anmarsj:** Lang! Frå RV 17 ved Åselistraumbua, gå mot Børtind til det er muleg å gå rett ned i Kalvdalen. Gå under flåget bort til fossen. Rekn 2-3 timar på anmarsjen. Kortare alternativ: Båtskyss inn fjorden!

Fossen: Starter inne i ei kløft, ofte kombinasjon av is og klippe, men det er forholdsvis slakt. Utsteget kan ha ein stor skavl.

**Retur:** Via ryggen mot vest (under Børtind). Totalt på heile turen 6-10 timar. Fyrste gong klatra av Trond Helander og Sveinung Råheim 25.januar 2004.



Klatring i Store Åselifossen på 80-talet. Det gule tauet frå toppen hang att frå tidlegare tur.  
Foto Jan Christian Andersen



## Åselifossane

(Kart; Saltstraumen 2029 III)

Åselifossane er av dei brattaste og mest utfordrende i Bodøområdet. Isen er lett synleg frå Bodø og den blålege farga står i sterk kontrast til de bratte klippeveggene ved foten av Falkflågtindane. Hovedfossen er truleg klassikaren framfor nokon i Bodøs isverd.

**Tilkomst:** Frå Saltstraumen, køyr riksvei 17 over Straumsnesbrua / Åslistraumen og vidare ca 4 km til du igjen er nede ved sjøen. P-plass / rasteplass på høgre side av vegen. Følg veg til hytter / langs vatn inntil du står under fossen (gå lengst mogeleg langs denne vegen før du tek opp mot fossane). Gå rett opp den bratte lia. Anmarsj 45 – 60 min. **For alle fossane her er det tre aktuelle returmulegheiter:** 1) Rappell ned fossane. 2) Ned Åselirenna. Anbefalast ikkje ved mykje eller lite snø. 3) Over ryggen nord for Per Kalsatind og ned den vanlege stien til vegen. Dette er den lengste og minst dramatiske returen. Uansett alternativ bør ein rekne godt og vel 1 time på returen.

### 1. Rennefossen ..... 4

160 m/70-80°

Jan Christian Andersen & Knut Sørgaard mar-89.

Innsteg like til høgre for Åselirenna. Fossen er todelt i starten, begge er omlag like vanskelege. Dei to fyrste taulengdene er dei brattaste. Deretter legg isen seg. Toppen vil kunne by på noko miksklatring med dertil behov for fjellsikringsutstyr. Ikkje gode forhold kvar sesong. Retur ned fossen eller ned Åselirenna.

### 2. Åselifossen til rampe ..... 3


ca 130 m+ 40 m travers til rampe/50-80°

Dette er ein variant for å komme seg opp i renna. Ikkje veldig bratt, men vedvarande. Fjellsikringsutstyr kan vere nyttig. Klatre opp til isen sluttar, traverser inn på smal hylle til du er inne i renna. Fortsett opp venstre del av hovudfossen eller opp Åselirenna.

### 3. Åselifossen frå rampe ..... 3

120m (230 m med renna) /50-85°  
ukjente

Dette er den kortaste og slakaste av Åselifossane. Klatre omlag 130 meter oppover renna under fossane (grad 2-3). Innsteg opp i renna/rampa til venstre for hovedfossen. Utsteget kan vere tynt/smalt. Retur: Rappell ned fossen, Åselirenna, eller over ryggen mot PerKalsatind.



"Turken" - Åselirenna.  
Bratt snørenne - retur  
/ski

4. Åselirenna ..... 2-3

Forholdsvis enkel isklattring opp renna mot venstre. Vanskelegast i starten. Litt is og snøsikringsutstyr. Flott tur, 5-6 taulengder. Retur ned Åselirenna. FG ukjent

5. Åselifossen ..... 5

180 m/60-90°  
Hovedfossen er ein fantastisk foss. Mellom 150 og 200 meter høg og 100 meter brei. Det er mogeleg å klatre ein haug med forskjellige linjer, men det er vanleg å dele fossen i tre partier. Fossen byr på *varierande* forhold gjennom året og bygger seg som regel sakte, men sikkert opp slik at det er mest is der i mars/april. Fossen er veldig issikker då han ligg nordaustvendt og relativt høgt over havet godt skjerma for sørvest og solskinn.

Venstre del ..... 4

ca 160 m/40-85°  
Klatra av Kjell Eugen Andersen, Jan Christian Andersen og Erik Vike i 1987 eller 88. Innsteg ca 50 meter opp i renna til venstre (same renne som for 2). Midtpartiet er brattast, ca 30 meter 80-85° før det rundar av mot toppen.

Midtre del ..... 5

ca 180m/60-90°  
Klatra av Kjell Eugen Andersen og Erik Vike 6/4/-1982. Var opprinneleg gradert 6, men er med våre dagars standardar solid grad 5 (WI 5). Innsteg midt under hovedfossen, sikt på hule med istappar midt oppe i ishule (frys som regel ikkje heilt att). Så opp 55 m vedvarande bratt is der dei fyrste 15 – 20 metrane opp frå hula er de brattaste (ca 90°). Både dei bratte frittstående søylene og kantane på hula gjev bratt isklattring. Etter denne bratte taulengda legg det heile seg noko.

Høgre del: ..... 5

ca 160 meter /60-90°  
Jan Christian Andersen og Knut Sörgård feb-89.  
Innsteg helt i høgre kant av fossen. Ikkje så desperat bratt som cruxtaulengda på midtre del, men til gjengjeld er dei tre første taulengdene jamt bratte (80-85°). 25 m snø og isbakke til topps til slutt.

6. Høgre rampesystem ..... 1-2

Følg rampesystemet opp høgre for hovedfossen. Mest snø og is, men og litt klippe. Brattast i toppen. Litt isskruer, snøanker og kiler/friends/fjellbolter. FG: Ukjent.



Stortind nordvegg

Råberts renne ..... 4

Sju-åttehundre meter til høgre / vest for Åselifossane er det ei ganske markert renne i den bratte nordvendte veggen på Stortind (fortopp til Per Kalsatind). Renna er ca 250 m lang og byr på ei blanding av snø, is og klippe. Renna

vil vanlegvis starte med snørenne, så ha eit par taulengder med is/klippe og avslutte med is og snø i eit par taulengder. Fleire aktuelle vegval i toppen. Utsteg kan vere skredutsett. Både isskruer, fjellsikringstustyr og snøsikringsutstyr kan vere nødvendig. Bjarne Hunstad & Sveinung Bertnes Råheim 17.1.2009  
**Tilkomst:** Som for Åselifossane. Parker på avkøyringa ved utløpet frå Osvatnet. Returen er enklast ned turiststien frå Per Kalsatind.



Bjarne Hunstad på 2. taulengde av Råberts renne. Foto Sveinung Bertnes Råheim



### Fjellfjellet

I dalsida opp mot Fjellfjellet er det i snøfattede vintrar eit par fine, enkle fossar. Dei passar fint for dei første ledeforsøka på is. Fjellfjellet ligg ovafor Fjell som det har fått namnet sitt etter.

Tilkomst: Fjell ligg ca 25 km etter Tverrlandet langs Rv17. Parker på avkøyring på venstre side like ved skilt til "Fjell", 6,6 km etter Åselistraumbua.

**Da damene dro** .....1 ✂

Ca 200 m, 45-60°. Is og snø. Fossen er lengre enn han kan sjå ut til. Fin, moderat tur. Retur ut høgre og ned skogen. Hanne Bertnes Råheim & Anne Marit Thorseth Gjertsen 6/2-2009.

## Gildeskål

I Gildeskål er det mykje flott vinterklatring. Eit utval av det som er kjent er tatt med, både klassisk isklatring, miks og snørenner.



### Innervika i Gildeskål

(Kartblad 2029II). Innervika ligg ca 60 km frå Bodø. Frå du svinger av på Rv17 på Tverrlandet er det 42 km til Innervika. Parker på venstre side ved traktorvegen som går innover Innervikdalen.

Innervika har ei rekke større og mindre renner med is og snø, dei fleste av moderat karakter. Anmarsjen er kort og rennene er frå 200 til 350 m lange. Den klassiske renna her er Innervikrenna. Den er enkel, trang og fin. Vinteren 2009 er det gått 3 nye renner på venstre side av hovedrenna. Retur er enklast ned fjellryggen til høgre (aust) for Innervikdalen. Ikkje gå ned for tidleg, då blir det bratt!

**1. Festmiks**..... 3-4 ✂

Ca 280 m, 5 tl. Dei to første taulengdene er felles med nr 2. Gå så ut venstre på isdekt sva, klatre rett opp bratt isvegg (ca 25 m 80-85 grader is), følg rampe ut venstre. Der isen stoppa måtte førstebestigarane klatre 3-4 m miks (ca frigrad 3) før ein kom opp i laus renne. NB! Dersom ein tek stand på toppen av den bratte isen må ein ha 60 m tau for å kome iland. Sveinung

Bertnes Råheim og Simon Svendsen 31.1.2009

**2. Tre optimister og fem isøks** ..... ca 3 ✂

Ca 250 - 300 m. 5 tl. Ved inngangen til Innervikrenna er det ein markert isvegg på venstre side. Dette er starten på denne renna. Etter ca 130 m svinger ho svakt mot høgre. Gå ut høgre før siste isopptak i toppen. Fin, ganske moderat tur. Ta med både is- og fjellsikringsutstyr. Torgeir Kjus, Remi Bendiksen & Ole Vidar Andreassen 28.1.2009

**3. Innervikrenna** ..... 1 ✂

Ca 350 m 30-40° snø. Dette er hovedrenna i Innervikdalen. Artig, lett tur opp trong snørenne som gradvis bratnar til mot slutten. Muleg å sikre i fjell på sidene om forholda skulle krevje det. Bør ha stegjern og isøks. Torgeir Kjus & Bjørn Petter Arntzen mars 1995.

**4. Innervikpresidenten**..... 3 ✂

350 m, 30 - 80°. Snø og to taulengder is. Mest snø, parti med is i øvre halvdel. Stein Haugen & Torgeir Kjus 21. jan 2009